

# Godt nytt år, vektløftar-Norge!

Eg vil med dette takke dykk alle og ein for innsatsen dykk la ned for norsk vektløfting i 2024 og få ønskje dykk eit fantastisk 2025!

## OL 2024

2024 vart eit historisk år for norsk vektløfting, Solfrid Koanda sitt OL gull i Paris kan ikkje beskrivast som anna enn magisk. Ein stor honnør til Solfrid for arbeidet ho la ned for denne fantastiske prestasjonen, so er eg veldig stolt og glad for å sjå korleis ho har stått fram og representert seg sjølv og norsk vektløfting også utanfor løfteplattingen.

## Sportsleg

Våre medaljar i 2024:

- Solfrid Koanda - OL gull i paris 2024! EM gull i rykk, støt og samanlagt.
- Sol Anette Waaler - EM gull i rykk og bronse samanlagt.
- Ragnar Holme - EM-U23, sølv i rykk og bronse samanlagt.

Med årets åtte internasjonale medaljar so har Noreg samla tatt 38 medaljar dei siste fire åra. Gratulera so mykje til utøvarar, trenarar, klubbar og alle som bidrar.

## Norgesmeisterskap

NM i 2024 har blitt gjennomført på ein strålende måte - takk so mykje til Vigrestad IK, Hitra VK, Breimsbygda IL og Tambaraskjelvar IL.

## EM Masters i Haugesund

Tysvær med Dag Rønnevik i spissen arrangerte eit fantastisk meisterskap i Haugesund, eg vil gratulere so mykje med kvaliteten og gjennomføringa av meisterskapen – takk so mykje! Dei norske løftarane samla fleire titals medaljar, ein stor gratulasjon til dykk alle!



Solfrid Koanda med OL-gull i vektløfting. Foto: Geir Owe Fredheim/ Team Norway

## VM 2025 i Førde

I 2024 har det vert gjort eit betydeleg arbeid med inntektssida av VM 2025, her er ein komme langt på veg i høve budsjett og vidare har ein fått på plass ein arrangementskomiteen som er i ferd med å detaljplanlegge dei ulike sidene av meisterskapen. Vidare har vi fått lagt grunnlaget for eit skuleprosjekt som skal gjennomførast for 1500 skuleelevar. Det vert også jobba med eit folkehelseprosjekt, VM 2025 håpar at dette kan bli prosjekt som norsk vektløfting kan bygge vidare på også etter VM er ferdig.

Eg håpar heile vektløftar-Noreg kan føle stoltheit og eigarskap til dette historiske meisterskapet – vi er alle vertsskap når verda kjem til Noreg og Førde by. Dato for meisterskapen vert 03-12.10.25, på [www.forde2025.no](http://www.forde2025.no) kan du melde deg som frivillig eller finne anna informasjon.

### Prosjekt Team Eleiko VM vektløfting 2025

Det er eit overordna ønskje at VM 2025 skal bidra til vekst og utvikling av vektløftaridretten i Noreg. Eg er difor stolt at NVF i desse dagar rullar i gang ei storsatsing der vi både skal legge tilrette for at våre potensielle VM løftarar på heimebane i 2025 får gode førebuingar samstundes som vi får gjort eit betydeleg løft i trenarutdanninga vår. Vi har 15 løftarar som har takka ja til å vere med i prosjektet, vidare er heile 8 trenarar tatt med for å gjennomføre trenar 3. Utøvarane som skal vere med skal gjennomgå pensum for trenar 1 og trenar 2, dette er eg sikker på vil gje oss eit betydeleg kompetanseløft for framtida. Eleiko og VM 2025 støttar prosjektet økonomisk då det frå desse er eit ønskje om å bidra for utviklinga av norsk vektløfting, NVF takkar so mykje for det.

### Olympiatoppen

Støtta for 2024 vart rekordstor både gjennom prosjektstøtte, det krevjande steget, mangfaldsprosjektet, Olympic solidarity fund og optimaliseringsmidlar. Sett i lys av Solfrid sitt OL gull so vart nok dette likevel eit «rimeleg» OL gull for Olympiatoppen, og det er grunn til optimisme inn mot støtte for 2025 og også opp mot Summit 2028 som er eit prosjekt med økonomisk støtte som vi ikkje fekk ta del i inn mot Paris gjennom Summit 2024.

### Trenarutdanning og kursverksemd

Vi fekk gjennomført nokre dommarkurs i 2024, på trenarsida vart det dessverre liten aktivitet men det vart jobba med førebuingane til trenar1, 2 og 3 som skal bli ein del av Team Eleiko VM 2025 – so på trenarutdanninga vert det stor aktivitet i 2025.

Beste helsing,

### Leiar- og trenarseminar

Vi fekk gjennomført seminarweekend 29/11-01/12.24, og ein fin gjeng var samla på Helsfyr og på Toppidrettsenteret over tre dagar. Natalia Priscepa frå Moldova var med som trenar og førelesar, vidare deltok Inge Andersen (tidlegare GS i NIF), og Torstein Busland (anleggsrådgjevar) frå NIF. Fredag kveld vart avslutta med eit inspirerende føredrag av Knut Scheie Solberg før vi avslutta dagen med julemiddag, og på laurdagen fekk vi besøk av sjølvaste OL meistern vår som prata om reisa si til OL. Vidare planlegg vi eit leiarseminar 15.03.25 som er dagen før Forbundstinget 2024, bed alle om å merke seg desse dagane alt no.

### Sponsorar/støttespelarar

Norsk Lek og Park, Berge Rederi og Eleiko var med oss også i 2024, vidare kom X-Ide og advokat Flemmen inn som sponsorar i 2024. Takk so mykje for den gode støtta!

### Administrasjon

Rebekka Helen Fremstad fekk seg ny jobb i Bama, og valde med det å ikkje komme tilbake til forbundet når permisjonen hennar gjekk ut. 1. november var siste arbeidsdag for Svein-Erik Edvartsen som generalsekretær, og med det har det vert eit hektisk siste halvår 2024 for Emelie Nilsen. Emelie er no konstituert som GS medan vi no ligg ute stillingsutlysing for ny GS. Eg vil takke Rebekka og Svein-Erik for deira bidrag og innsats for norsk vektløfting, og ei ekstra takk til Emelie som brettar opp ermene og står på både seint og tidleg.

### Styre

Eg vil avslutningsvis takke styret i NVF som har stått på og har jobba hardt gjennom året og samstundes har gjeve underteikna permisjon for å kunne ha fokus på Solfrid sine førebuingar til OL saman med Sindre Madsgaard og alle dei andre som bidrog der.

**Takk for eit godt 2024, og dei beste ønskje for eit framgangsrikt og godt 2025!**

